



Kopimottakar
Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Ferdigattest for riving på gbnr. 54/5 Voss Jordbruksskule internat/administrasjonsbygg

Vi syner til igangsetjingsløyve datert 18.07.2014 og søknad om ferdigattest motteken 31.08.2016.

Gjeld: *Riving av internat, administrasjonsbygg
m.fl.*
Byggestad: *Voss Jordbruksskule*
Eigedom: *54/5*
Tiltakshavar: *Hordaland fylkeskommune*

	<i>Fagområde og tiltaksklasse</i>	<i>Føretak</i>	<i>Org.nr</i>
ANSVSØKER:		<i>Hent AS v/Jørgen Brusdal Frønes</i>	<i>974384051</i>
ANSVPRO:	<i>Miljøsanering, tilt.kl. 2</i>	<i>13-Gruppen AS</i>	<i>978 631 738</i>
ANSVPRO:	<i>Miljøsanering og riving, tilt.kl. 3</i>	<i>13-Gruppen AS</i>	<i>978 631 738</i>

Sluttrapport og kvitteringar for levert avfall vert levert saman med søknad om ferdigattest for nybygget då rivingsarbeid og nybygg vert å sjå som som eit prosjekt.

Ansvarlege føretak har utført sluttkontroll og avslutta gjennomgang av kontrolldokumentasjon for det ferdige arbeidet. Gjennom dette har ansvarlege føretak stadfesta for kommunen at kontroll er føreteke med tilfredsstillande resultat, i samsvar med løyve og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova (pbl.).

Ansvarleg søkjar har stadfesta at forvaltnings-, drifts-, og vedlikehaldsdokumentasjon føreligg og er overlevert eigar av bygget.

Under føresetnad av at arbeida er utført i medhald av løyve og pbl. med underliggjande regelverk, vert det i medhald av pbl. § 21-10 gjeve ferdigattest for tiltaket.

Bygningen eller deler av bygning skal ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyve fastset jf. § 20-1 i pbl. Bruksendring krev særleg løyve jf. pbl. § 20-1.

Vi gjer merksam på at ferdigattesten ikkje er ei stadfesting på bygget sin tekniske kvalitet, men ei stadfesting på bygningsmynde si avslutning av saka.





vosskommune

Med helsing
Voss kommune
Byggesak

Gunhild Ormbostad Rong

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune

Mottakar:
HENT AS